


Seterbrukaren

Skrift frå Norsk seterkultur

Nr 3 | desember 2021 | 24. årgang



Norsk
Seterkultur

Neste bladet

kjem i mars 2022, med frist for stoff 15. februar. Send gjerne inn tips eller stoff!

Kvifor

er det mindre setring enn før, og kva har skjedd med utmarksbeite? Det skal Nibio (Norsk institutt for bioøkonomi) forska på frå 2022, i prosjektet "Endringer i utmarksbeiting og setring, årsaker og verknader".

Nibio har fått 9,5 millionar kroner frå forskingsmidlane for jordbruk og matindustri til dette, melder Landbruksdirektoratet.



Styret:

Siv Beate Eggen, leiar
Sørbygdvegen 543,
7760 Snåsa,
tlf 481 02 785
sivbeate@me.com

Kari Sofie Asmyhr Østen
Kongevegen 69
2770 Jaren
tlf 975 07 002
kari.sofie.asmyhr.osten@
tine.no
(repr. landbrukssamvirket)

Knut Ola Storbråten,
nestleiar

Anno museum, Odalstunet,
Kongsvinger festning 2,
2213 Kongsvinger
tlf 46951351
knut.ola.storbraten@
annomuseum.no

Varamedlemer
Irene Wik Aarbakk
Sudbøvegen 107
3844 Åmotsdal
tlf 911 96 434
Irene_aarbakk@yahoo.no

Styremedlemer

Inga Iversen Aasen
Vingelsåsen 51
2542 Vingelen
tlf 416 37 520
ingaiversenaasen@gmail.com

Ole Øvrejorde
Villandsvegen 38
3577 Hovet
tlf 413 06 746
ole@ovrejorde.no

Gro Haraldsdotter Arneng
Dalsvegen 639
2940 Heggenes
tlf 952 26 255
groarneng@hotmail.com

Utgjevar:

Norsk seterkultur
Skrautvålvegen 77, 2900 Fagernes

Teléfono: 990 09 584
E-post: seter@seterkultur.no
Hemeside: www.seterkultur.no
Sekretariat: Katharina Sparstad
katharina.sparstad@valdres.no
Bankgiro: 2367 20 51169
Organisasjonsnr: 879270642
Redaktør: Øystein Skjæveland, tlf 416 07 381
heim@irosa.no
Trykk: Unitrykk, Spjelkavik
Rekneskap/abonnement: Svein Løken, sv.loken@gmail.com

ISSN 1501-6803
Seterbrukaren kjem ut tre gongar i året.

Redaksjonen avslutta 13. desember 2021.

Framsida: Frå Kaussetra i Lillehammer, sommar 2021.
Bilete: Olav Sørbu.

Seterliv for born og unge

Norsk seterkultur har fått 2 355 000 kroner frå Sparebankstiftinga DNB for å ta vare på kunnskap og kompetanse knytta til seterdrifta. Det er særleg born og unge som er målgruppa.

Tildelinga kom i slutten av november 2021, og skal gå til kartlegging og formidling. Pengane skal gå til å fremja seterkulturen for barn og unge spesielt, og går inn i Norsk seterkultur sitt arbeid med å sökja om å få seterkulturen inn på UNESCO si liste for immateriell kulturarv.

-På setra er det mykje god og viktig viktig læring for alle, seier Katharina Sparstad i Norsk seterkultur. -Når det no vert færre setrar må me leggja til rette for at så mange born som råd likevel får ta del i seterlivet. Med støtta frå Sparebankstiftinga vil me sökja nye samarbeidsformer, laga undervisningspakkar og gjera det enklare å finna nærmeste besøkssetter. Dette er arbeid me ser fram til, seier Sparstad.

Ho har sjølv hatt skuleelevar som gjester på stølen sin dei siste 15 åra. På setra kan ein gjera omgrep som berekraft og sirkulærøkonomi konkrete, og resultata vert handfaste og synlege, seier ho.

Pengar til svensk-norsk samarbeid

Dei norske og svenske seterbruk-organisasjonane har fått 600 000 kroner til eit felles prosjekt for å styrka seterbruket i dei to landa.

I Noreg er det att omlag 900 setrar med mjølkeproduksjon, i Sverige berre 50 – og talet går jamnt nedover. Føremålet med det nye samarbeidsprosjektet er å ta vare på dei seterbrukarane som er, og leggja til rette for nye folk som vil på setra.

Difor ynskjer det to-årige prosjektet mellom anna å sikra praktisk kunnskap om seter-tradisjonar før det er for seint, og å inspirera unge bønder til å driva seter. Vidare er det eit mål å videreføra kunnskap om handverkstradisjonar og mjølkeforedling, og få fram kva seterdrifta har å seia for det biologiske mangfaldet.

Pengane er løyvd gjennom EU-prosjektet Erasmus, og det norsk-svenske prosjektet er å rekna som eit forprosjekt til ein sams UNESCO-søknad frå dei to landa. Føremålet med ein slik søknad, som er venta å vera klar i 2023, er å få seterkulturen oppført på UNESCO si liste over såkalla immateriell kulturarv. Det vil seia kultur som er i levande

bruk, og som lever vidare ved å føra tradisjonar og handverk vidare til stadig nye generasjoner.

Målgruppa

Ei målgruppe for prosjektet er unge bønder og både aktive og mogeleg framtidige seterbrukarar, dessutan innbyggjarar i bygder der det framleis er seterdrift. Vidare er lag og foreiningar som står seterkulturen nær ein del av målgruppa, som til dømes bondelag, seternettverk, bygdekvinnelag og lokalmatprodusentar. Dei norske og svenske turistforeiningane og ymse reiselivsaktørar er også i målgruppa for prosjektet, attåt skular som driv med landbruk og biologisk mangfald.

Studieturar

Det er tenkt ein norsk og ein svensk studietur som del av prosjektet. Den norske er tenkt å gå til Vingelen eller Valdres, og den svenske til Jemtland og Herjedalen.

Norsk seterkultur si fagsamling på Røros 5. - 7. november er rekna inn som ein del av arbeidet i prosjektet, og tilsvarande den svenske fagsamlinga i september 2022 (Fäbodriksdag).

Svensk og norsk setring

På side 3 til 11 kjem stoff frå fagsamlinga til Norsk seterkultur på Røros 5. - 7. november 2021.

Tekst og bilete: Øystein Skjæveland

Kva er skilnaden på norsk og svensk seterbruk, og kva er likt? Dette tok Bolette Bele og Håkan Tunón for seg i eit innlegg på fagsamlinga på Røros.

I bære landa er det fleire ulike definisjonar av seterbruk å finna, og tradisjonane er også ulike. Eit skilje kan vera at ein i Noreg har lagt stor vekt på at det er mjølkeproduksjon på setra, medan i Sverige har bruken av beitet vore lagt meir vekt på. Ein slik skilnad finn ein att i tilskotsordningane i dag, der den norske stiller krav til mjølkeproduksjon, men den svenska krev bruk av beitet. For å få tilskot i Sverige må også setra ha historisk tilknyting, men ei seter i Noreg kan vera heilt ny.

Sverige – bortover i skogen

Det er naturen og lendet som avgjer korleis ein kan driva med husdyr i utmarka, og Tunón og Bele oppsummerte kort naturen i dei to landa. I Sverige er det mykje skog, og når ein skal finna nye sommarbeite, flyttar ein seg bortover, eller lenger inn i skogen. Seterbruket (fäboddrift) har difor vore rekna som skadeleg for skogbruket.

Håkan Tunón frå Sveriges Lantbruksuniversitet la fram ein svensk leksikondefinisjon frå 1908 som sa beint ut at seterdrifta gjorde stor skade på skogen, og var å rekna som ein hemsko i husdyrhaldet, så sant det ikkje kunne vera fjellbeite å finna.

Noreg – oppover på fjellet

I Noreg er det derimot mykje fjell, og seterbrukarane flyttar seg i høgda for å finna nytt beiteland om sommaren. Seterbruket har vore rekna som nyttig i landbruket, og på 1920- og 1930-talet var det mellom anna statlege tilskot for å byggja vegar til setrane, fortalte Bolette Bele frå Nibio (Norsk institutt for bioøkonomi).

Håkan Tunón la fram ein figur som syner kva ein kan oppnå med plass på Unesco si liste over immateriell kulturarv.

Ho la vidare vekt på at det har vore eit stort mangfold av måtar å driva seter på, og ramsa opp:

- Mjølkeseterbruk, der ein bar mjølka heim til garden.
- Fullseterbruk, der ein var langt heimanfrå og foredla mjølka på setra.
- Fiskeseterbruk, som me kjenner mellom anna frå Rendalen.
- Slåtteseterbruk, der føremålet var å samla vinterfôr.
- Vinterseterbruk, der ein flytta dyra til fjells att for å bruka opp føret som var hausta om sommaren.
- Lakseseterbruk, kjent frå Finnmark.
- Seterbruk på øyar og endå nokre til.

Levande kultur

Bele og Tunón tok vidare opp kulturarven som er knytt til setra, og det akademiske uttrykket *immateriell kulturarv*. Det vil seia levande tradisjonar og tradisjonell kunnskap som vert vidareført mellom folk. Når det gjeld setra så kan slik levande kultur vera til dømes kunnskapen om husdyra, fôrberging, matforedling, kulokking, kulturtekstar, ymse handverk, gamal overtru og kulturplantar.

Og den nedarva tradisjonen kan også skifta frå stad til stad. -Det kan vera ein tradisjon som er knytt til ein plante, men om du kjem til nabobygda, så kan du vera sikker på at tradisjonen er motsett, sa Bolette Bele.




Bolette Bele og Håkan Tunón.

Kvífor Unesco-status?

Håkan Tunón avslutta innlegget med å sjå litt på kva det vil ha å seia dersom seterkulturen i Noreg og Sverige får plass på Unesco si liste for immateriell kulturarv. Ein vil då vera formelt anerkjent, og kunna oppnå høgare status også i heimlandet. Det kan føra til større interesse frå dei som kjøper seterprodukt og dei som kjem som gjester til setrane, som i sin tur kan gjera seterdrifta meir lønsam for bonden. Slik kan det vera lettare å rekruttera nye seterbrukarar, og dermed å føra kulturarven vidare.

Bele og Tunón arbeider no med eit nytt forskingsprosjekt om korleis ein skaper ein kulturarv, og vil gjerne ha tilsendt bilete av kva du meiner er seterkultur. Send til: bolette.bele@nibio.no eller Hakan.Tunon@slu.se.



Kva er ei seter

— eigentleg?

**"Oss ha gjort kva gjerast skulle,
ysta ost og kinna smør**

Slik kunne det seiast i gamle dagar – dette er frå Edvard Storm si setervise frå 1770-talet, «*Heimreise frå sæteren*». Den gongen var det lite tvil om kva ei seter er – dyra dreg til fjells, seterfolket gjer setermjølka om til mat som kan lagrast gjennom vinteren – og så er det heim att når det lid til hausten.

Men kva er ei seter i dag?
Og kva er seterkultur?
Og kva er seterdrift?

Må ein gjera som i dølevisa frå Vågå - ysta ost og kinna smør - eller er det andre måtar å sjå det på i dag?

Dette var eit hovudemne på Norsk

seterkultur si samling på Røros fyrste helga i november.

Det var mange synspunkt og meininger, og det var ikkje meinинг å nå ein endeleg konklusjon. Men ordskiftet i seg sjølv var ein del av arbeidet med å førebu ein søknad om Unesco-status for seterkulturen.

Som ei innleiing til emnet gjekk Siv Beate Eggen, leiar i Norsk seterkultur, gjennom ulike definisjonar av seterdrift og kva slags setrar som finst i dag.

Ein leksikondefinisjon er at ei seter er *eit beiteområde med hus for folk og buskap, som berre er brukt i beiteperioden*. Denne definisjonen deler setrane i tre typar, etter kor langt frå heimegarden dei ligg: **heimeseter, mellomseter** og **fjellseter**. Desse setertypane kan ha



ulike namn frå bygd til bygd.

Ein kan også skilja etter korleis setra vert brukt:


Fullseterbruk, der folket er på setra heile sommaren, lagar smør og ost og ikkje dreg heim att før til hausten.

Mjølkeseterbruk, der ein mjølkar på setra, men tek mjølka heim kvar dag.

Slåtteseterbruk, der det er viktig å henta fôr frå utmarka.

Vintersetting, der både folk og fe dreg til fjells att for vinteren, for å bruка opp det føret ein har hausta om sommaren.

Eggen tok også fram Lars Reinton sin definisjon av seterbruk frå 1950-talet: *Sæterbruk er det når ein gard har krøtera sine i sumarbeite eit stykke frå garden der det er husvære og fast personale, så ein kan nytta ut større vidder til beite, som regel og til slått og anna försanking så ein kan spara på heimemarkene og nå i betre beite, føda fleire krøter over vinteren og skaffa forråd til levemåten på den faste bustaden på garden.*



Siv Beate Eggen la fram desse sæter-definisjonane i innleiinga si på fagsamlinga.



To definisjonar

Me treng to definisjonar av seterdrift, sa Siv Beate Eggen i innlegget sitt – éin som kan brukast i samband med søknaden om Unesco-status, og éin som kan brukast i samband med offentlege støtteordningar.

Unesco-definisjonen må leggja vekt på den kulturarven som ligg i det som folk gjer og lærer vidare, altså såkalla handlingsboren kunnskap og immateriell kulturarv. Ein definisjon som forvaltninga kan bruka må derimot leggja meir vekt på næringsverdien til seterdrifta.

Til slutt i innleiinga si trekte Eggen fram ulike former for seterdrift som finst i dag:

- **Produksjonssetrar** med mjølkeproduksjon, der buskapen flyttar til setra.
- **Besøkssetrar** med få produksjonsdyr, der mjølka vert foredra og selt til gjestene som kjem.
- **Museumssetrar** som tek vare på kulturarv gjennom byggjeskikk, kulturformidling og seterprodukt. Og så finst det ulike kombinasjonar av alle desse.

Norsk-svensk panel

Som eit utgangspunkt for det vidare ordskiftet var det lagt opp til ein paneldebatt, med innleiarar frå både Noreg og Sverige. Nokre hadde ein akademisk innfallsvinkel, andre var seterbrukskarar, med eller utan mjølk på setra.

Bjørn Karsten Ulberg frå Sigdal fortalte at han byrja å byggja ny seter i 1992. Han valde å byggja seter heller enn vatningsanlegg heime, etter at dei gamle hamnehagane heime på garden var planerte til fulldyrka jord. Han bygde nye hus på dei gamle setertuftene, og no er det ti hus på setra, fortalte han. Det er kyr dei setrar med der.

Åsta Røhr Kleiven frå Lalm i Vågå fortalte at på garden hennar vart det slutt med mjølking på setra i 2003, og i 2012 vart det slutt med

*Frå Inner Gammelsetra
på Nordmøre
(bilete: Oda Svisdal).*

mjølking heime òg. Etter ei tid fann dei ut at det var leit at det stod tomt på setra, og for eit par år sidan kjøpte dei så inn 30 boergeiter som går på norefence-gjerde. Men dei ville utnytta setra endå betre, og no i 2021 kom det alpakka på setra òg. Dei laga seg i full fart til med utekjøken og servering på setra, og det kom så mykje folk at dei vart heilt overraska, fortalte ho.

Ubroten tradisjon

Anne Karin Hatling frå Sogn fortalte frå drifta si på garden Skjerdal i Aurland, der det er beite heilt frå fjøresteinane og opp i høgfjellet, og ein ubroten tradisjon for både setring og ysting. No er det 65 mjølkegeiter og nokre sauherd på garden. Dyra beitar frå sjøen og oppover frå 1. mai,

**No stå att å kløvja øykjom,
setja lås for seterdør,**

Korkje finst dæ meire føe, her for heidning hell for krist,

og 25. mai er buførdagen, då jorda heime må vera freda for beitedyr. Då fer dei til mellomstølen, og i august til fjellstølen. Hatling fortalte at det ikkje har vore like lett å føra seterkulturen vidare i møte med offentlege instansar. Mattilsynet ville stengja den gamle ystinga, der ystekjelen var attmed veden og osten var inne i selet. Men etter kvart kom det eit godkjent stølsysteri, og i ti år har ho no drive med ysting og servering frå stølen. - Det er kjempepopulært å koma og oppleva dyr på den måten, sa ho.

Ordskifte i grupper

Etter dette vart alle delte inn i grupper som sat ved kvar sine bord, og dei skulle prata seg gjennom fem ulike spørsmål som kom opp på storskjermen. Seinare vart det ein felles diskusjon i plenum om dei same spørsmåla, med innspel frå gruppene.

Dette er ein diskusjon der mange emne grip inn i kvarandre: agronomi, økonomi, kulturtradisjonar, formidling, museumsdrift, turisme, dyrehald, matproduksjon og så vidare. Vidare er det også nokre skilnader etter som ein snakkar

om seter, om seterdrift eller om seterkultur. Ein må halda tunga beint i munnen for å halda desse frå kvarandre alltid.

Dei ulike spørsmåla var til dels overlappande, og dét var i alle fall diskusjonen rundt dei. Nedanfor er det referert spørsmåla og ein del av innspela som kom, både i gruppene og etterpå.

1. Kva meiner me med seterkultur?

Her var det fleire som nemnde «alt som har med seter å gjera», med mange konkrete døme: Bruk av utmark, halda dyr, stella mjølk, kunnskapsformidling, kunnskap om beiting og beitedyr, at ein kan bu på setra, å lagra mat til hushaldet for neste år, hausta vinterfør, kommunikasjon med dyr, lokking, segner, folketro og musikk. Seterkultur kan også vera det som dyra lærar, at dei finn fram til dei beste beiteplassane, sa Øistein Aasen frå Vingelen i diskusjonen. Håkan Tunón sa at seterkultur er alt du kan driva med på ei seter, og stilte i tillegg spørsmålet om kva som skil seterkultur frå annan gardskultur.

2. Kva er levande av seterkulturen i dag?

Mange av punkta frå det førre spørsmålet er levande i dag, som beitebruk og vidareforedling av mjølka. Men også nye element kan koma til. Til dømes vert nofencegjerde ein del av seterkulturen i framtida, sa Siv Beate Eggen i diskusjonen. I Sverige er derimot mindre av seterkulturen levande i dag.

Det lever vidare at seterkultur står for kvalitetsprodukt, som at setersmør er betre enn smør du har gjort heime. Og stadnamn på setra kan leva vidare, også der det er lite seterdrift att. Dersom folk har bygd seg hytte på setra kan dette også hjelpe til å ta vare på andre bygningar og på beitelandskapet.

3. Kven kan vera med og ta vare på seterkulturen?

Det kan vera mange: dei som driv setra, alle som vil læra noko om seterkultur, foreiningar for seterkultur, som til dømes driv med formidling og kurs. Så kan det vera eldre folk som har kunnskap om saka, det kan vera jordbruksutdanningane.

Men nokre instansar kan også gjera det vanskelegare å ta vare på seterkulturen. Anne Karin Hatling frå Aurland fortalte at veteranærhøgskulen ikkje vil senda studentar til praksisplass hjå henne i Skjerdal på grunn av at dei driv med upasteurisert mjølk. Også representantane frå Sverige la til at helseinspektørane der har lite greie på seterdrift, med nokre få unntak.

4. Kva element må vera til stades for at det skal vera seterdrift?

Det statlege kravet er enkelt, ein må produsera minst 45 liter kumjølk eller 25 liter geitmjølk om dagen for kunna få setertilskotet. I Sverige er det godt nok om ein slår graset.

Eit springande punkt var om ei seter må ha mjølkeproduksjon for å kunna kallast ei seter. Det vart sagt både ja og nei til dette i salen. Men det kunne verka som om ordskiftet fekk folk til å tenkja at ei seter kan vera meir enn ein gjerne hadde tenkt seg på førehand. Fleire nemnde til dømes



Håkan Tunón frå Sveriges Lantbruksuniversitet har ordet som ein del av panel-ordskiftet under fagsamlinga.



Éin person i gruppa noterte frå diskusjonen, og etterpå vart notata frå kvar gruppe samla inn for å kunna brukast i det vidare arbeidet med Unesco-søknaden.

at ei seter som den i Lalm i Vågå, med boergeit, alpakka og turisme, men ikkje mjølkeproduksjon, også må reknast som ei seter.

Det syntest å vera brei oppslutning om at skal det vera seterdrift, så må ein hausta føret som er der. Då kan også ei seter like godt vera ny og med moderne driftsbygningar. Dette skil seg noko frå Sverige, der setra må vera gammal for å få tilskot.

Ein må vera varsam med å seia at noko ikkje er ei seter, sa Katharina Sparstad, sekretær i Norsk seterkultur.

5. Kva element må vera til stades for at det skal vera ei seter?

Her kunne ein tenkja seg ulike definisjonar av seter, til dømes ei gammal seter, ei aktiv seter, ei ny seter og så vidare. Den eine gruppa oppsummerte spørsmålet slik:

- må der vera gras, altså ein setervoll, eller beite? Ja.
- må der vera hus for folk? Ja.
- må der vera hus for dyr? Ja.
- må det vera mjølkeproduksjon: Nei.

Det vart altså ikkje nådd fram til ein konklusjon med to strekar under, men svært mange sider ved setring og seterkultur kom fram under ordskiftet.



Det var sett av mykje tid til at gruppene skulle få diskutera gjennom spørsmåla, og praten gjekk livleg..

Kva er ei seter?

Oppsummering av ordskifte, fagsamling Røros, 6. nov. 2021.

Takk til alle seterfolk
for trivelege dagar
med rørosbrygg i store glas
og mat i tomme magar.

Her har me hørt og lært
og spurt så mykje interessant
om seterbruk og ku og geit
- og mykje er sikkert sant.

Men kva som **er** ei seter
er det ingen heilt som veit.
Me drøfta det i timevis
og er framleis heilt i beit.

For – er det nok med gras der?
Eller må du laga høy?
Eller kan det vera gjeste-stol
med vaflar og med gøy?

Og må du mjølka geiter
og laga ost og smør?
Og bør der vera mjøkebil
og alpakka – om du tør?

Må det vera gamalt?
Kan det vera splitter nytt?
Eller er dét ein personleg ting,
etter evner og gemytt?

Har du solceller på taket,
har du vatn frå ein bekk?
Er ei seter eit museum?
- eller har du gjødseltrekk?

Skal du fylla på med støls-gris?
Skal du sleppa gjester inn?
Er ei seter produksjon?
Eller ein tilstand i ditt sinn?

Om dette skal eg ikkje døma.
Ei seter er så mangt.
Men takk for diskusjonen
- det var iallfall interessant.

Ø.S.

**Glad æ oss, oss slepp åt bygden,
meire glad æ kue visst.”**

Edvard Storm

Trur på sola

Sola den den største energikjelda på jorda, og tilgjengeleg for alle – også for norske seterbrukarar.

Det var bodskapen frå Ole Petter Hansæl i firmaet EnergiPluss, då han hadde innlegg på Norsk seterkultur si fagsamling på Røros i november. Han presenterte her solceller som eit alternativ til dieselaggregat for å halda liv i mjølketank og mjølkemaskin på setra. Mange lesarar av Seterbrukaren kjenner nok til solcellene på setra til familien Tingstad i Dalsbygda, som er eit prosjekt EnergiPluss er involvert i.

Det finst mange måtar å nytta solenergi på. *Solceller* lagar elektrisk straum, medan *solfangrar* lagar varmt vatn. Solenergi kan også varma bygningar direkte eller indirekte, og alle bønder kjenner til at dei grøne plantene lagrar solenergi gjennom fotosyntesen. I denne samanhengen var det solceller for produksjon av elektrisk kraft Hansæl tok opp.

Energibyrået positiv

Ole Petter Hansæl var ikkje i tvil om at solenergi har framtida for seg. No har til og med det internasjonale energibyrået (IEA) for fyrste gong sagt noko positivt om solenergi, fortalte han. IEA meiner no at solkraft er den viktigaste energikjelda for framtida, og at solkraft er den billegaste kjelda til elektrisitet i historia.

For og imot

Men om ein skal ned på det praktiske planet her og no, så har solceller både fordelar og ulemper, sa Hansæl. Solceller krev stor plass, anten på bygningar eller på bakken. Dei kostar også pengar, og eit solcelleanlegg kan vera ei investering som det tek mange år å betala ned. Vidare må anlegget vera tilpassa brukaren så ein ikkje byggjer eit for stort anlegg som ikkje svarar seg.

I motsetnad til vasskraft så kan ein ikkje regulera solenergi. Det er



Seterbrukar Erling Tingstad og Ole Petter Hansæl frå EnergiPluss (til høgre).

overskya når det er overskya, og om vinteren og om natta er det lite solkraft å henta. Det er framleis dyrt å lagra straumen i batteri i dei fleste tilfelle. Difor må ein til vanleg skøyta på med andre energikjelder i tillegg til solcellene.

Men Hansæl var også tydeleg på fordelane ved solkraft:

For det fyrste er sola utan samanlikning den største energikjelda vår, tilgjengeleg for alle. Og energiproduksjonen er miljøvenleg (sjølv om også solceller har miljøkostnader i produksjonen). Ein særleg fordel i eit kaldt klima er at solceller er meir effektive ved låge temperaturar. Kalde, kläre haustdagar kan difor også gje utbyte av solstraum. Ein kan også nytta solkrafta der ho vert produsert, altså i si eiga gardsdrift. Og om batterilagring framleis er dyrt, kan ein også lagra energi termisk (i grunnen, og ta han ut seinare med varmepumpe, eller som varmtvatn).

Mest lønsamt til seg sjølv

Den beste nytta av solcellene har ein dersom ein kan bruka straumen sjølv, sa Hansæl. Då sparar ein nettleiga og ymse andre kostnader. Sjølv om ein får avtale om å selja overskotskraft, kan ein rekna omlag 40 øre mindre inntekt per kilowattime for denne enn om ein brukte straumen sjølv. Difor meiner EnergiPluss det er viktig å laga eit solcelleanlegg passe stort, men ikkje for stort. Dei vurderer difor solcelleanlegga sine ikkje berre ut frå solinnstråling, takvinkel og

tilgjengeleg takareal, men også ut frå kor mykje straum du brukar gjennom året og gjennom dagen. Det er dyrt å byggja solcelleanlegg, og økonomien er meir tvilsam om ein må basera seg på å selja straumen vidare.

Fossilfri sommar

Erling Tingstad fekk så ordet og fortalte frå setra på Ustuvollen i Dalsbygda. Familien hadde satsa mykje på setra dei siste åra, bygd nytt seterhus og dyrka opp meir jord. Med lausdriftfjøs og ny mjølkegrav vart det meir å vaska, og dei trøng mykje varmtvatn. Det var traktoraggregat som var løysinga for å skaffa straum til alt dette. Men dette kravde mykje ettersyn, og dei vurderte difor å få lagt inn straum på setra. Men då dei andre i setergrenda ikkje ville vera med på det, vart det for dyrt for éin brukar åleine.

Kva kunne ein då gjera? I mars 2019 hadde Erling Tingstad møte med Ole Petter Hansæl i EnergiPluss, og då byrja snøballen å rulla. For å gjera ei lang historie kort, så vart det den 8. juli 2020 offisiell opning av solcellene på setertaket med tilhøyrande batteripakke.

Den fyrste sommaren var været ikkje av det beste, med snøfall i juli månad. Då kom det ikkje nok kraft frå solpanela, og før neste sesong fann familien Tingstad ut at dei ville auka mengda panel med 40 prosent (frå 48 til 72 panel). Og med denne auken greidde dei å gjennomføra sommaren 2021 utan å ha aggregatet i gang ein einaste gong.

Usynleg gjerde bergar utmarksbeitet?

Beite i utmark er berekraftig og framtidsretta. Men gjerding og gjeting er dyrt og tidkrevjande. For mange kan eit elektronisk gjerde vera ei god løysing.

Difor har den nye gjerde-teknologien fanga interessa til seterbrukarar og andre med dyr i utmark, og produsenten var invitert til fagsamlinga til Norsk seterkultur for å fortelja om det usynlege gjerdet.

Gjerdesystemet frå Nordmøre, som har fått det engelske namnet «Nofence», har alt vore på marknaden nokre år, og Ragnhild Aspås frå Nofence forklarte at ho sjølv brukar det til sau, geiter og kviger.

Systemet byggjer på at dyra har ein klave rundt halsen, og satellittposisjonering kan fortelja kvar klaven (og altså dyret) er til eikvar tid. Denne informasjonen får brukaren opp på mobilskjermen sin. Ein kan teikna opp på skjerm-kartet grensene for kvar dyra kan gå, og om dyra nærmar seg denne grensa, får dei signal om å snu. Det er først lydsignal, som aukar i styrke etter kvart som dyret nærmar seg grensa, og til slutt kan dei få ein liten elektrisk støyt. Men dyra lærer seg systemet, og til vanleg er lydsignalene nok til å halda dei på plass.

Systemet er så langt godkjent for geit, storfe og sau. Storfe og småfe brukar ulike klavar, men alle går på batteri. Det varierer med inngjerding og vegetasjon kor ofte batteriet må ladast, men eit storfebatteri varer vanlegvis heile sesongen, fortalte Aspås. For småfe må ein gjerne rekna med å lada batteriet nokre gongar.

Alle vaksne dyr må ha sin eigen klave, men kalvar med mor treng ikkje eigen klave. Kje og lam bør få eigne klavar når dei er fire månader gamle.

Opplæring

Dyra lærer seg Nofence etter kvart, men det må altså opplæring til. Då kan det vera godt å bruka vanleg

Normalsituasjon



Når dyret nærmar seg grensa, får det signal om å snu.

gamaldags gjerding i byrjinga.

Det er lurt å ikkje laga for smale beite, det bør vera godt over 25 meter på det smalaste.

Om ein har beite i eit hytteområde, kan det vera ein tanke å samarbeida med hyttefolk om kostnaden med det elektroniske gjerdet. Ein kan nemleg også gjerda ute felt midt inni eit beite, som til dømes hytter eller hyttefelt.

Prisar

Klavane for småfe kostar 1850 kr og for storfe 2900 kr. I tillegg til dette kjem ei årsavgift.

Heile prissystemet ligg på nettsida nofence.no, og det kan vera litt krevjande å setja seg inn i. Eit døme kan vera at 10 klavar til storfe kostar $2900 \times 10 = 29\,000$ kr i innkjøp.

Så er det i tillegg ei årsavgift, og då kan ein velja mellom variabel pris og fastpris.

Fastpris for 10 klavar er 640 kr per klave, altså $640 \times 10 = 6400$ for alle dyra.

Kostnaden første året vert altså: $29\,000 + 6\,400 = 35\,400$.

Seinare år vert kostnaden 6 400 kroner for 10 storfe.

I tillegg kan ein velja leasing, som vil seia at ein fordeler kostnadene med sjølve klavane over tre år, i tillegg til årleg fastpris.

Desse prisane er utan meirverdiavgift.

Øistein Aasen frå Vingelen hadde innlegg rett etter Aspås, for å fortelja korleis han sjølv har opplevd å bruka Nofence på kyr. Han har før stridd med kyr som spring over på feil beite, og kviger som stikk av på sidevegar når dei skal til seters. Somme tider kunne det gå med ein heil arbeidsdag på å henta kyr som var på feil beite, fortalte han. Men i fjor kjøpte han Nofence-klavar, og det angrar han ikkje på. Setringa vart lettare, og det vart slutt på å bruka heile arbeidsdagar på kyr som stakk av. Han har no 50 klavar, og betaler 3,5 kr i abonnement om dagen. -Dersom eg klarer å bruka beitet så godt at eg sparar ein kilo kraftfôr om dagen, så har eg spart inn kostnaden, sa Aasen. Han meinte Nofence løner seg mest på mjølkekyr, men har også brukt det på kviger. Slik fekk han mellom anna beita ned ein gamal setervoll som elles hadde vore ubrukt i lang tid. Det er også ein stor fordel når han skal køyra møkvogna at det ikkje er fysiske gjerde å flytta på.

Men nokre ulemper er det også: -Eg får mange telefonar frå folk som seier dyra mine har rømt. Og så vert det mindre trim.

Men elles er det vel prisene som er største ulempa, meinte Øistein Aasen. -Berre få ned prisene, så er det knallbra, dette her, avslutta han.

Kva kostar det på setra?

Ein bokl på fagsamlinga var sett av til emnet prising av seterprodukt. Her var det Erik Fleischer frå Braskerudsetra og Ola Tangvik frå Brimi sæter som fortalte frå kvar sine setrar.

Braskerudsetra

Erik Fleischer og Roy Leirvik driv Braskerudsetra i Våler i Solør i Hedmark, nær grensa til Sverige.

Dei har bygd opp att setra over fleire år, og starta drifta der i 2010. På Braskerudsetra tek dei mot turistar, formidlar setertradisjonar, har servering, ystekurs og setergudstenester.

På setra er det både NRF og telemarkskyr, og mjølka vert til pultost i det nybygde ysterommet i fjøset.

Braskerudsetra leverer ikkje til butikk, men sel alt direkte frå setra. Dei prøvde ei stund å ha pultosten på glas for å gjera det litt finare, men det var det null respons på: Folk ville ha det som før, i brødpose med limband på, fortalte Fleischer.

Derimot har dei hatt suksess med å laga ein pultost-variant med chili og kvit pepar i. Dette kan vera eit alternativ for dei som ikkje likar karve, som det elles er i pultosten.

Prisnivå

Erik Fleischer såg ikkje noko poeng i å leggja seg lågt i pris på seterprodukta: -Treng ikkje fri til dei som heller vil ha billeg middag på vegkroa, sa han i innlegget sitt.

På Braskerudsetra har dei lagt seg på desse prisane på nokre vanlege varer frå setra:

Smør 300 kr/kg.

Rømme 300 kr/liter.

Pultost 400 kr/l.



Frå kafeen på Brimi sæter (bilete: privat).

Brimi Sæter

Brimi sæter er ein reiselivsdestinasjon med høgt prisnivå og millionomsetning. Men det er framleis ei seter, med dyr og mjølkeproduksjon.

Ola Tangvik fortalte om Brimi Sæter i Nord-Gudbrandsdalen, der både aktivitet og omsetning har auka mykje frå ein meir smålåten start. Med ti millionar i omsetning, to tilsette fjøsrøktarar og 38 tilsette om sommaren ligg setra ved Tessevatnet på eit nivå godt over dei fleste andre besøks-setrarar.

For fem år sidan kom folk for opplevelingane, men i dag kjem dei for serveringa, fortalte Tangvik. Så i dag utgjer overnatting og servering hovudtyngda av økonomien på setra, gjerne i kombinerte pakkar. Eit av dei nyaste tilskota av overnattingstilbod er lavvoar. Det kostar pengar å kjøpa lavvo, men det sparer seg inn att etter 4-5 overnattingar, fortalte Ola Tangvik. I år har det kosta 1500 kroner natta å bu i lavvo, men til neste år vert prisen 2000 kroner.

Når det gjeld prisar på tradisjonelle seterprodukt, så har dei lagt seg høgt, fortalte Tangvik.

Smør ligg på 400 kr/kg og ost 550 kr/kg i snitt. Det vil seia at ost som har mogna i eitt år kostar 520 kr/kg, toårsost 550 kr/kg og treårsost 580 kr/kg. Ein må også ta med i reknestykket at ostane har tapt noko vekt når dei har lege i tre år, sa Tangvik.

Ein firerettars meny på Brimi sæter kostar til neste år 795 kroner, og eit rom kostar omlag 800 kroner per person i dobbeltrom.

Når det gjeld pris, så hadde Ola Tangvik dette rådet til dei frammøtte: Ta det du tykkjer du må ha, og så gongar du det med tre.

Det er innan turismen folk er viljuge til å bruka mykje pengar, sa han. Berre det å få ta på eit dyr kan vera ein stor attraksjon for nokon.

Ein annan ide han ville dela med forsamlinga var å bruka gåvekort. Det har teke heilt av, sa han. -I år har me selt gåvekort for 1,4 millionar. Det er lurt å gje gåvekorta til par, for dei tek med seg andre, sa Tangvik.

Kyr og svin på skogen.

På garden har dei både vestlandsk fjordfe, STN og NRF blanda med jersey. Dei har omlag 40 griser på beite, og desse får skummamjølka etter ystinga. Og så vert grisene til skinke, parma-type.

Smør med tilleggsverdi

Med setersmør-merket kan kjøparane vera trygge på å få det dei betaler for – ekte setersmør.

I avslutningsinnlegget på fagsamlinga til Norsk seterkultur var det dagleg leiar Katharina Sparstad som hadde ordet. Ho tok for seg korleis mat og opplevelingar frå setra kan vera eit steg på vegnen mot fleire livskraftige setrar. Ho gjekk særleg inn på setersmør og merking av dette.

Foredling på setra kan gje ein god meirverdi, understreka Sparstad, og med direktesal kan brukaren sitja att med mykje av inntekta sjølv. Og om setersmøret er merka med opphavsmerke vil det skapa tillit hjå kjøparen, og seljaren har gjerne ein ekstra grunn til å ta seg skikkeleg betalt.

Det har diverre vore tilfelle der smør har vore marknadsført som setersmør utan å vera det. Det finst også ymse produkt i butikkane som er merka med «seter» på ein eller annan måte, men der korkje ku eller produkt har vore innom setervollen. Opphavsmerkingsa kan styrkja ekte setersmør i konkurransen med slike produkt.

Godkjennning frå 2019

For å verna om den tradisjonelle produksjonsmåten av ekte setersmør såkte difor Norsk seterkultur i si tid om vern av setersmør på tradisjonelt grunnlag. I 2019 vart heideren tildelt, og sikra gjennom ei eiga forskrift. No er det ti smørprodusentar som brukar det tilhøyrande merket for tradisjonelt setersmør.

Det treng ikkje vera så dyrt å få lov til å bruka smør-merket på setersmøret sitt. Er du medlem i Norsk seterkultur kostar det berre 300 kroner i året.

Det går også an å søkja om å få bruka merket utan å gå gjennom organisasjonen, men prisen er då litt høgare: 34 620 kroner.

Setersmør er setersmør

Men det er ikkje fritt fram for kva som helst - den som vil selja setersmør




Norsk seterkultur har utarbeidd ein liten brosjyre som kan fylgia med setersmøret. Her ligg brosjyren oppå Norsk lovtidend, der forskriften om vern av setersmøret vart kunngjort.

med merket må oppfylla visse krav. Det finst som nemnt ei eiga forskrift for dette, og poenget er nettopp at smøret skal vera kinna på tradisjonelt vis, slik det vart gjort på setrane i gamle dagar. Mjølka vert separert spenevarm og flytten står til syrning, før rømmen vert kinna, vaska og salta. Ikkje minst skal kyrne henta minst 70 prosent av føret frå seterbruket, og ikkje få meir enn 30 prosent frå kraftfôr.

Det er dokumentert gjennom forskning at fjellbeite fører til meir umetta feittsyrer, antioksidantar og vitamin E i mjølka. Og ikkje minst meir gulfarge, på grunn av karoteninnhaldet i beiteplantene, fortalte Katharina Sparstad til dei frammøtte på Røros. Ho er sjølv smørprodusent på setra si i Valdres.

Direkte sal

Mykje av setersmøret vert selt direkte til kundane, slik at seljaren har godt høve til å fortelja om særpreget til smøret. Hyttefolk rundt setra kan til dømes vera ei stor kjøpargruppe. Kjøparane elles kan vera gourmetar



med særskilt interesse for kvalitettsmat, det kan vera folk som er opptekne av dyrevelferd eller tradisjon og vil støtta opp om seterbruket eller det kan vera folk med mat-intoleransar. Budeier og andre som sjølv har vore på setra er også ei kjøpargruppe, saman med folk som vil vita kvar maten kjem frå, eller som vil læra det til borna sine.

Seterdrift eller hytter?

Valdresmusea har fått pengar fra Kulturrådet over tre år frå 2022 til prosjektet «Eit skigardsdele – frå stølskultur til hytteindustri». Dette prosjektet handlar om kva som skjer i sterkt utbygde støls- og utmarksområde, og om korleis musea kan hjelpe til med å få betre samarbeid, berekraft og mangfold. I dag skjer endringane på stølane og i utmarka raskare enn nokon gong, og stadig fleire kjempar om retten til å forvalta verdiane og ressursane i fjellet, skriv Valdresmusea i prosjektomtalen. Norsk seterkultur har signert ein samarbeidsavtale med Valdresmusea om dette prosjektet.

Ny seterpolitikk med nytt stortingsfleirtal?

1 Kva plass meiner de seterbruket har i norsk jordbruk?

2 Har de eit mål for omfanget av seterbruk som de vil arbeida for?

3 Bør ein auka minstetilskotet for seterdrift?

Det nasjonale tilskotet er i dag 50 000 kr, og har vore uendra sidan det vart vedteke i 2018.

4 Bør ein differensiera setertilskotet?

Til dømes:

- meir tilskot di lenger ein er på setra.
- tilskot for foredling på setra.
- tilskot for seter som er open for publikum.

5 Vurdera fortrinn for seter-tilknytte investeringar hjå Innovasjon Noreg?

6 Har de andre synspunkt på seterbruks politikk?

Etter stortingsvalet 2021 har Arbeidarpartiet og Senterpartiet skipa ny regjering, med Sosialistisk venstreparti som budsjettpartner. Til saman har dei tre partia fleirtal på Stortinget.

Regjeringa styrer etter den såkalla Hurdalsplattforma, og dette er truleg fyrste gongen setring er nemnt særskilt i ei regjeringsplattform:

Bondelaget

1 Seterbruket er ein viktig del av norsk matproduksjon, av fleire grunnar: å nyta beiteressusar, ekstra verdiskaping ved foredling på setra, turisme, tradisjonar og kulturarv, stella kulturlandskapet, biologisk mangfald, auka førgrunnlaget for garden, det er klimavenleg p.g.a. karbonbinding og albedo-effekt.

2 Har ikkje eit konkret tal som mål, men vil snu nedgangen i talet på setrar. Vil gjerne samarbeida med Norsk seterkultur om dette.

3 Det kan vera aktuelt med auka tilskot. Men mange fylke har eigne tilskot gjennom Regionalt miljøprogram (RMP), i tillegg til det nasjonale tilskotet på 50 000. Eit auka nasjonalt tilskot må ikkje føra til mindre tilskot frå fylka over RMP.

4 Det går an å gjera dette. Men reglane skal ikkje vera for innvikla og dei skal vera råd å kontrollera. Det kan vera betre å la differensieringa gå over RMP.

5 Med den nye regjeringa kan det vera opning for sterkare og betre målretting av investeringssøtta mot små og mellomstore bruk, særleg mjølk og storfe. Det ligg alt føringar for IBU-midlar om å ta omsyn til det samla næringsgrunnlaget til bruket. Samla sett kan dette gjera det lettare å finansiera tiltak innan seterdrift.

6 Fylka kan ha eigne satsingsområde. Oppmodar seterbruksmiljøet om å fremja saka si for forvaltning og faglag i regionane.

Senterpartiet

ved Siv Sætran

Det er de små og mellomstore melkebrukene som hovedsakelig driver med seterdrift i dag her i Norge. Senterpartiet mener at skal seterdrifta leve videre som næringsform i jordbruket, må disse melkebrukene sikres gode rammevilkår. Det skal være lønnsomt å produsere mat basert på ressursgrunnlaget hver enkelt gård har til rådighet. Og det må til et skikkelig løft, og målretta tilskuddsordninger for å forhindre at seterdrifta forsvinner helt.

Beitebruk er en bærekraftig måte å bruke norske arealressurser til å produsere mat. I tillegg til å bidra til matproduksjon, er beitebruk viktig for å nå mål om pleie av kulturlandskap og ivaretakelse av biologisk mangfold. Beitebruk og setring er også en viktig kulturbærer i norsk landbruk.

Når det gjelder de helt konkrete virkemidlene for å oppnå dette må disse ses på under de årlege jordbruksforhandlingene.

Regjeringa vil:

Sørgje for betre berekraft i landbruket gjennom auka bruk av utmarksbeite, setring, klimatilpassing, investering i jord og etablering av eit nasjonalt senter for fjellandbruk.

Frå regjeringsplattforma.

"Seterbrukaren" har difor sendt ein del likelydande spørsmål til dei tre partia, i tillegg til faglaga i landbruket og landbruks- og matdepartementet, for å få vita korleis denne velviljen vert fylgt opp med

konkrete tiltak. På desse sidene finn du oppsummering av svara. Ap og Sp har ikkje svara direkte på kvart spørsmål, men sendt ein samla tekst med synspunkta sine.

Ø.S.

Småbrukarlaged

1 Seterdrifta er ein juvel i norsk landbruk, og står for dei verdiane forbrukarane spør etter og som jordbruket gjerne vil levera på: Høg dyrevelferd, kulturlandskap, biologisk mangfald og lokalmatforedling osb. Mange setrar er også reiselivsmål. Seterdrifta er sentral for jordbruket sin legitimitet i samfunnet, og eit kontaktpunkt mellom hyttefolk og landbruket i ei tid der det ikkje lenger er vanleg å kjenna ein bonde. Men då må også seterbruket ha rammevilkår og inntekt som kan sikra drift i framtida.

2 Nedgangen i talet på setrar må ta slutt. Helst skulle rammevilkåra for å driva mjølkeproduksjon på norske beiteressursar vore så gode at fleire ville setra.

3 Ja. 50 000 kr er eit minimumstilskot, fleire fylke har ein høgare sats. Det er både dyrt og arbeidskrevjande å ha to driftsapparat, og setertilskotet bør speglar meirkostnaden med dette. Økonomien i seterdrifta bør kartleggjast.

4 I jordbruks-tingingane våren 2021 ville NBS gradera setertilskotet med 50 000 for fire veker og 10 000 kr for kvar ekstra veka, opp til ni veker. Vidare gjekk NBS inn for 10 000 kroner i foredlingstilskot per seter, og at alle fylke har besøkssetertilskot som i Trøndelag. Som kjent vart det brot i jordbruksoppgjeret, men eit lite gjennomslag for oss var å få redusert minstetida for setertilskot frå seks til fire veker.

5 Ja, investeringar i driftsapparat, veg, vatn og tilknyting til straumnett bør prioriterast. Det bør vera inntil 50 prosent i investeringsstøtte, dagens tak hos Innovasjon Noreg er 35 prosent. Kan ein ikkje kopla seg til straumnettet, må ein prioritera tilskot til fossilfrie løysingar.

6 Den viktigaste grunnen til at det minkar på setrar er at det minkar på mjølkebruk. Såleis er det viktigast å halda på små og mellomstore mjølkebruk over heile landet, særleg i fjellbygdene og andre stader der setringa framleis er utbreidd. Setringa er særleg viktig for geitebruk, omlag 40 prosent av desse er på seter. Difor er det viktig å få opp forbruket av geitemjølk. Inntekta til alle bønder må opp. Dei minste bruka må få meir støtte til lausdrift-ombyggjing, så dei slepp å auka produksjonen ut over ressursgrunnlaget på garden. I motsett fall meiner NBS at lausdriftkravet berre må gjelda når ein likevel skal byggja nytt.

Arbeidarpartiet

ved Per Vidar Kjølmoen

Hurdalsplattformen er den mest offensive og helhetlige regjeringserklaeringen for jordbruket og trygg, norsk matproduksjon som vi har hatt i nyere historie. Vi må tilbake til 70-tallet for å se at ei regjering har satt jordbrukets samfunnsoppdrag og matproduksjon på norske ressurser i system på denne måten. Som en del av dette er utmarksbeite og setring svært viktig. Det må være lønnsomt for flere å bruke setrene.

I tillegg er spørsmålene om muligheter for setring og utmarksbeite også et spørsmål om hvilken struktur vi skal ha på jordbruket vårt. Punktet om økt setring henger også sammen med punktene om at vi er i gang med å sikre midler til små og mellomstore melkebruk til å fornye seg. Det henger også sammen med kvotepolitikken til Arbeiderparti- og Senterpartiregjeringen. Vi vil ha spredt produksjon, og vi vil ha produksjon i distriktene. Ved å sikre muligheter for dette, danner vi grunnlag for at melkeprodusenter også kan viderføre denne flotte delen av våre mattradisjoner og en flott del av kulturarven.

Det trengs naturligvis også spesifikk politikk og lønnsomhet i setring. Den konkrete innretningen av alle tilskudd vil vi finne fram til sammen med faglagene i jordbruksforhandlingene.

Teknologisk er det også mye som har skjedd de siste årene som nå gjør det lettere å utnytte lokale ressurser i matproduksjonen. Elektroniske bjeller og beiteteknologi som Nofence gjør det lettere både å styre dyra på beite til de beste delene av utmarka og dermed planlegge når flokken skal bruke ulike deler av terrenget. Melkeroboter som man mobilt kan ta med på henger, gjør det også mulig for flere med robot som også kan benyttes på setra. Det er slik teknologiutvikling som er tilpasset det landet vi er og den naturen vi har, som det er viktig at vi er bevisste og understøtter. Vi vet at land som Østerrike og Sveits er flinke og i front på en slik utvikling. Størst mulig jordbruksmaskiner vil aldri være et godt mål for Norge med våre små jorder spredt mellom daler, fjord og fjell. Men smartest mulig bruk av framtidens hjelpeemidler som gjør at mer av matproduksjonen kan skje med basis i bruk av utmarka, vil derimot være et klokt bidrag til å ta med oss det beste av vår matkultur også videre inn i framtida.

Sosialistisk venstreparti

ved Torgeir Knag Fylkesnes

1 Seterdrifta er en viktig del av norsk kulturarv og utmarksbruk, og for samfunnet for øvrig en spesielt verdsatt del av norsk landbruk. Samtidig ser vi en nedgang i denne driften, da det er kostbart og arbeidskrevende å drifte og vedlikeholde to produksjonsapparater istedenfor ett. Vi er nødt til å sikre at ikke flere slutter, men at det blir attraktivt å føre videre tradisjonen og at også nye brukere og setre kommer til.

2 Vårt mål er at omfanget av seterbruk skal øke og det stadig skal komme nye generasjoner inn.

3 SV ønsker i første omgang å bruke det virkemiddelapparatet vi har i dag til å styrke seterdrifta. Blant annet må vi ta tak i investeringsbehovet som vil komme fremover, styrke små og mellomstore melkebruk over hele landet og innføre nasjonalt foredlingstilskudd på 10 000 kroner per seter. I tillegg trengs det et tilskudd til fellessetre på 10 000 kroner per bruker.

4 SV vil differensere det nasjonale setertilskuddet med en sats på 50 000 kroner for fire uker, og deretter 10 000 kroner per uke opptil 9 uker.

5 SV ønsker å prioritere IBU-midler til seteranlegg. Det skal kunne gis opptil 50 prosent investeringsstøtte, og investeringer som vei, vann og tilkobling til strømnett støttes også.

Landbruks- og matdepartementet

ved statsråd Sandra Borch

1 **2** Seterdrifta er ein sentral del av kulturarven i jordbruket. Seterdrift med beitedyr bidreg til å halde areal opne. Det er gunstig for det biologiske mangfaldet og viktig for formidling av tradisjon og kulturarv. Dessutan er mange seterområde viktige for friluftsliv og turisme. For å ivareta og stimulere til seterdrift har vi tilskot til setring over dei regionale miljøprogramma (RMP). Vi ynskjer å bevare seterdrifta og meiner ho har ein plass i norsk jordbruk, og det gjer vi mellom anna gjennom tilskotet over regionalt miljøprogram (RMP).

3 I 2018 vart tilskotssatsen fastsett til 50 000 kroner som ein minstesats for drift av seter ved seks vekers oppholdstid. Det er Statsforvaltaren som fastset satsane for dei ulike tiltaka i Regionalt miljøprogram, og mange fylke har i dag ein tilskotssats for drift av seter som er ein god del høgare enn minstesatsen. Ved siste søknadsomgang hadde fylka tilskotssatsar for dette tiltaket som varierte mellom 50 000 og 100 000 kroner. Tilskotet er meint å dekkje ein del av ekstrakostnadene med å ha dyr på setra og skal i tillegg vere ein stimulans for dei som ynskjer denne driftsforma. Meirkostnadene med seterdrift vil nok variere mykje mellom ulike foretak men vi har få konkrete tal for kor store dei kan vere. I jordbruksoppgjeren i 2021 blei kravet til oppholdstid redusert frå seks veker til fire veker.

4 Frå gamalt har ein først og fremst drive setring for å gjøre seg nytte av fôrressursane i fjellet og i utmarka. I dag kan seterdrifta for mange også vere viktig med tanke på turisme og lokale tradisjonar. Ein kan nok tenkje seg ei differensiering av tilskotet ut frå at det vil vere ulike kostnader knyttet til ulike føremål, og ved ulik oppholdstid på setra. Samstundes må dette vegast opp mot målet om at tilskotsordningane ikkje skal vere for kompliserte og finmaska.

5 Utgangspunktet for tilskota over investeringsordninga i Innovasjon Noreg er at investeringsprosjektet må bidra til lønnsam næringsutvikling. Kva ein kan få tilskot til er definert relativt breidt så lenge prosjektet tek utgangspunkt i landbrukseigedommen eller i ressursane i landbrukseigedommen. Det er per i dag ingen nasjonale prioriteringar for setertilknytta investeringar i dei verkemidla som Innovasjon Noreg forvaltar. Ut over dei nasjonale prioriteringane er det opp til regionane og det regionale partnerskapet å gjøre prioriteringar mellom produksjonar og regionar. Dersom det skal gjerast endringar her må dette skje i samband med jordbruksoppgjeren.

Gjennom Utviklingsprogrammet for landbruks- og reindriftsbasert vekst og verdiskaping, som Innovasjon Noreg forvaltar, kan utvikling av bedrifter med basis i seterdrifta, for eksempel som lokalmatproduksjon og reiseliv få støtte.

Øk melkens verdi med eget gårdsysteri

Fjøssystemer tilbyr komplette løsninger til gårdsmeieri og ysting fra anerkjente Plevnik. Ystekar, ostepresser, pasteuriseringsutstyr og mye mer. Plevnik er kjent for topp kvalitet og finish.

Vi tilbyr selvsagt montering, service og deler til dette utstyret på lik linje med resten av Fjøssystemers sortiment. Ta kontakt med Knut Evensen: knut@fjossystemer.no



PLEVK

Add value to milk.

**SMART
FÖRING**
FJØSSYSTEMER



www.fjossystemer.no

FJØSSYSTEMER
Bonden og dyrenes førstevalg

Øst
2634 Fåvang
Tlf. 61 28 35 00
ost@fjossystemer.no

Sør
3178 Våle
Tlf. 33 30 69 61
sor@fjossystemer.no

Vest
4365 Nærø
Tlf. 51 43 39 60
vest@fjossystemer.no

Nordvest
6770 Nordfjordeid
Tlf. 57 86 25 05
nordvest@fjossystemer.no

Midt
7473 Trondheim
Tlf. 72 89 41 00
midt@fjossystemer.no

Bygg
2634 Fåvang
Tlf. 61 28 35 00
bygg@fjossystemer.no

Sendar:
Norsk seterkultur
Skrautvålvegen 77
2900 Fagernes



Seterprisen 2022

Føremålet med prisen er at han skal vera ei påskjøning til eldsjeler som har gjort ein stor innsats for seterdrifta. Prisen vil dermed vera med å skapa positiv blest, og hjelpe til med å sikra framhald og vidare vokster for seterdrifta.

Norges Vel hadde i mange år eit stort engasjement for seterdrift og seterkultur, og delte ut Seterprisen i åra frå 2001 til 2006. Norsk seterkultur tok over nemninga Seterprisen frå 2017, og vidarefører prisen med utgangspunkt i dei same kriteria som Norges Vel la til grunn.

Kriteriar

Seterprisen skal delast ut årleg til ein eller fleire personar som har gjort ein ekstraordinær innsats for seterdrifta i Noreg. Innsatsen kan vera innan:

- Tradisjonell seterdrift
- Mjølkeforedling på setra
- Utvikling av ny næringsverksemd tufta på seterdrifta
- Forsking og publisering av vitskapleg materiale
- Formidling av stølskulturen

Utlýsing og framlegg til kandidatar
Prisen vert lyst ut i *Seterbrukaren*, på nettet og gjennom aviser og andre

media.

Ein jury på tre, med representantar frå Norsk seterkultur, Norges Bygdekvinnelag og Tine, avgjer kven som får prisen.

Frist for innsending av framlegg til kandidatar til Seterprisen 2022 er **1. mars 2022**. Framlegg kan sendast til: seter@seterkultur.no eller sivbeate@me.com.

Prisen vert delt ut i samband med Norsk seterkultur si fagsamling og årsmøte 26. - 27. mars 2022.

Mykje fôr i utmarka

Norske husdyr haustar fôr i utmarka til ein verdi av ein milliard kroner. Dette går fram av ein ny rapport frå Nibio (Norsk institutt for bioøkonomi).

I rapporten «Verdiskaping i utmark» går det fram at omlag 45 prosent (137 000 km²) av landarealet i Noreg kan nyttast som beite. Av dette er 29 000 km² svært godt beite. I dag er det om lag 2,8 millionar saueeiningar som beitar i Noreg, men kapasiteten er 9,5 millionar. Altså kan talet på beitedyr i teorien omlag tredoblast, men i praksis vil det vera mange andre avgrensingar.

Rapporten grupperer beitekvaliteten i tre steg: mindre godt, godt og svært godt beite. Troms er det fylket med mest beite i klassen «svært godt beite», heile 26 prosent av det tilgjengelege beitearealet. Elles har norske fylke omlag 10-15 prosent «svært godt beite».

Ø.S.

Årsmøtet til Norsk seterkultur skal vera i Bø i Telemark i 2022

Årsmøtet og fagsamlinga til Norsk seterkultur er planlagt til Bø i Telemark 26. - 27. mars 2022.

Det er tenkt fagsamling på laurdag og årsmøte sundag.

Aktuelle tema på fagsamlinga:

- Samspel menneske - dyr
- Treng vi bjølleku, med Nofence
- Aktuell politikk for seterdrift

Fullstendig og oppdatert program finn du etter kvart på heimesida seterkultur.no. Påmelding innan 15. februar 2022.

Årsmøtet var også tenkt å vera i Bø i 2021, men vart avlyst på grunn av smittefare. I staden vart det halde eit digitalt landsmøte.

Mange av produkta våre har rot i stølskulturen og vi støttar Norsk seterkultur i arbeidet for denne driftsforma.

Innsatsen for seterdrifta treng fleire støttespelarar.
Bli medlem
i Norsk seterkultur!
www.seterkultur.no

